


No. 22

KR. 10.00

Medlemsbrev

i

Laviks & Hyllestads hestearvslag.



Daa Lasse J. Haunonen

har innbetalt dei lovsette medlemspengar

kr. 10.00 - ti kroner

so skal han, eller den som her bekomme lovlig transport av dette medlemsbrev i kraft av dette, hava rett til dei fordeler og vere underlagd dei plikter som er vedtekte i hestearvslaget's love med dei forandringar som kjem til.

I hestearvslaget's styre 5 Oktober 1948

M. A. Ringvold

formann

K. E. Kolgryn

G. H. Lotheim

P. T. Ldso

H. J. Birkeland

Bendik Hansdal

Hans Samning

LOVER

for

Laviks & Hyllestads hesteavlslag.

(Vedteke paa aarsmøtet 13de januar 1914).

§ 1.

Fyremålet med hesteavlslaget er at faa istand eit samarbeid til framhjelp av hesteavlen i herradi Lavik og Hyllestad.

Der vert soleis aa arbeide for:

- At hjelpast um aa halda høvelige alehestar av fjordrase.
- At der vert halde sorteringssjaa av hopporne so ofte som styret finn det naudturveligt.
- At arbeide for ein utstilling av fjordhestar i dei ytre strøk av Sogn og Sunnfjord.
- At arbeide for ein fast salsmarknad for hestar.

§ 2.

Dei som er busette i herradi Lavik og Hyllestad kann verta med i laget mot aa leggja fraa seg kr. 10.00 som medlemspengar.

Kvar faar eit medlemsbrev med lover.

§ 3.

Dei som staar i laget skal ikkje — utan med løive av styret — bruka andre hingstar enn dei laget hev, og gjerar dei det, pliktar dei aa betala laget dei springpengar dette taper ved det. Heller ikkje maa nokon, som staar i laget, halda hingst, som vert brukt til alehingst i lagsdistriktet — utan løive av styret i laget. Brot paa dette bøtast med fra 10—100 kroner til lagskassa etter avgjærdsle av styret.

I tvistemaal kann styres avgjærdsle i dette innankast til bundi avgjærdsle av aarsmøtet eller ei nemd som dette oppnemner til det.

Sers lovande ungdyr etter dei kaara aledyr, hev laget fyrerett aa kjøpa.

Klurar ikkje drifti med hingst seg, svarer kvart medlem det som trængst til aa dækja underskotet.

§ 4.

Lagslemerne kjem saman til aarsmøte ein gong kvart aar, og heldest so ofte styret krev det.

Paa aarsmøtet vert valde 7 styresmedlemmor og 7 varamenn, som staar i 3 aar.

Av styret gaar ut tvo styresmenn og tvo varamenner kvart aar. Dei tvo fyrste aari etter lodkast, og seinare dei som hev stade i 3 aar. Valg paa 2 mann med varamenner til aa sjaa over reknskapet.

Aarsmøtet skal gjera vedtak i alle dei saker styret legg fram til avgjærdsle.

§ 5.

Styret vel seg imellom formann, varaformann og kassestyrar.

Det skal paa bedste maate fremja dei fyremaal laget hev sett seg, og kann krævja seg hjelp i sit arbeid ved aa nemna upp lagsmenn umkring i bygdi til dei ymse arbeid. Kvar skal gjera den tennsta som styret kræv av dei.

Laget er bunde ved styrets underskrift. Det skal leggja fram for aarsmøtet dei vedtak, som er gjorde sidan sidste aarsmøte, aarsmelding og reknskap for det farne aar.

§ 6.

Formannen leider forhandlingarne paa aarsmøtet og kallar saman til det med 14 dages varsel i lokalblade.

Alle vedtak er med almindeligt røiste fleirtal, og er røistarne like, gjerer formannen utslaget.

§ 7.

I lovforandringar maa mindst halvparten av lagslemerne vera paa møtet og $\frac{2}{3}$ av disse vera samde um brigde.

Paa same maate og um laget skal oppløisast. Hev det midlar tilovers, skal disse brukast etter aarsmøtets avgjærdsle.

Forslag til lovbrigde maa fyrst behandlast av styret, og med avgjærdsle der, leggjast fram til aarsmøtet — etterat det er gjort kjendt i innkallingi til møtet.

Møter ikkje det lovsette tal medlemmar, kann det paa næste aarsmøte avgjerast av dei som daa møter. —

§ 8.

Medlemsbrevet kann seljast til ettermannen paa bruket, som daa vert medlem av laget.

Ved utmelding av laget taper den utmelde det han hev lagt inn i laget og rett til det laget eig. Daa likevel so, at han maa gjera klart fyrr seg um laget hev ansvar paa seg.